

# Styremøte 7-2018

Torsdag 23. august 2018 kl. 18:00 i Klubbhuset

Desse møtte: Ole Bosnes, Terje Edvardsen, Inge Bakke, Dagfinn Grøttå, Arne Hjertenes.

## Saker

### 1. Tankhuset

Det gjenstår en del arbeid på tankhuset (dør, kasseledning, litt bordledning og tak).

Vedtak: Terje, Dagfinn og Ole tek jobben. Ansvar: Terje.

### 2. Utskifta av utriggararbommar

Utskifta utriggararbommar ligg omkring i området (1 stk 8m og 3 stk 6 m).

Vedtak: Vi ber eigarane selge eller gje vekk bommane slik at dei ikkje blir liggjande på området. Ansvar: Ole

### 3. Økonomien

Orienteringssak: Vi greier forpliktingane våre tom utgangen av september, ser det ut til. Tilsagn om driftskreditt er motteke. Denne vert opna når vi er oppdatert i Brønnøysundregisteret. Inge ringte Brønnøysundregisteret i dag og fekk vite at sakshandsaminga tek lang tid pga. stor saksbyrde. Ikke klart *kor* lang tid.

### 4. Utlyste stønadsmidlar

Vi har motteke utlysninger om stønadsmidlar av ulik type.

Vedtak: Styret ser at vi ikkje er kvalifisert til å søkje.

### 5. Uttale om kommuneplan

Kommunen har sendt ut invitasjon om innspel i forbindelse med rullering av handlingsdel til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Vedtak: Vi sender framlegg om å bandlegge Vikatjønna til sjøaktiviteter. Ansvar: Ole

### 6. Uttale om gateadresser

Vi har motteke invitasjon om å komme med innspel til gatenamn.

Vedtak: Vegen forbi Holmavika, frå Sætrenkrysset til Vengenkrysset. Framlegg: Holmavikvegen. Ansvar: Ole.

### 7. Dørlås i klubbhuset

Medlemmane er medeigarar i klubbhuset og bør få tilgang til bygget.

Vedtak: Inge har skaffa standardlås til ytterdøra, samme lås som går til bryggene. Vi set denne låsen i inngangsdøra til klubbhuset. Samtidig set vi den låsa som no står i døra inn inngangsdøra inn i døra til hovudrommet. Alle medlemmane får dermed tilgang til hallen, der det er sittegruppe og kaffetrakter, og til vaskerom og toalett. Det blir altså berre styret får tilgang til hovudrommet med alt utstyr som er der. Dette rommet blir reservert styremøter, til ope hus, temakveldar og til utleige. Ved utleige må

medlemmane avstå fra og gå inn i huset i det heile teke. Det blir sett opp oppslag utanfor ved slike høve.  
Ansvar: Terje

#### 8. Åpningstider klubbhus

Vedtak: Ope hus kvar laurdag frå kl. 11-14. Flagget settes opp som signal. Det vert laga vaktliste fram til jul. Ansvar: Ole.

#### 9. Fortøyning på brygge B er røket

Midtre fortøyning på brygge B, mot brygge A, må reparerast. Ansvar: Terje

**Møtet slutt**